



Utvalg: Kontrollutvalet i Fusa kommune
Møtestad: Loftet, Kommunehuset i Fusa
Dato: 23.04.2015
Tidspunkt: 12:00 – 14:45

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Arild Legland	Leiar	FRP
Øyvind Nordbø	Nestleiar	SP
Ranveig Næss	Medlem	H
Turid Glesnes	Medlem	AP
Arne Holmefjord	Medlem	FRP

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møtte:

Navn	Stilling
Berit Fløysand	Rådmann
Anne-Merete Hellebø	Einingsleiar for undervisning
Kari Gåsemyr	Forvaltningsrevisjonsrevisor frå Deloitte AS
Elin Molven Wilhelmsen	Spesialrådgjevar frå Hordaland Fylkeskommune

Arild Legland
utvalsleiar

Elin Molven Wilhelmsen
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 9/15	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 10/15	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 11/15	Rådmannen orienterer - Status på handlingsplan etter rapport frå tilpassa opplæring og spesialundervisning i Fusa kommune		2014/327
PS 12/15	Kontrollrapport 2014 vedkommande skatteoppkrevjarfunksjonen i Fusa kommune - Uttale frå kontrollutvalet		2014/164
PS 13/15	Oppstart av forvaltningsrevisjon - Bestilling av prosjektplan		2014/157
PS 14/15	Referatsaker		
RS 12/15	Politisk møteplan for 2015 - Fusa kommune		2014/151
RS 13/15	Rekneskapsrapport 2014 for kontrollutvalet i Fusa kommune		2014/159
RS 14/15	Oversyn over gjennomførte tilsyn 2014 i Fusa kommune		2014/163
RS 15/15	Orientering om strategisk næringsplan i BRB		2014/188
RS 16/15	Vedtak KST PS 002/15 Konsekvensvurdering og avklaring av budsjettvedtaket for 2015		2014/160
RS 17/15	Vedtak KST PS 003/15 Kommunereforma - Kommunestruktur - Opplegg for prosess i Fusa kommune		2015/19
RS 18/15	FKT fag konferansen 2015		2014/361
PS 15/15	Gjennomgang av møteprotokollar for Fusa kommune		2014/161
PS 16/15	Eventuelt		

PS 9/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 23.04.2015

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og saksliste.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

PS 10/15 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 23.04.2015

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram merknader til møteprotokollen.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Møteprotokollen frå møtet 19.2.2015 vart godkjent.

PS 11/15 Rådmannen orienterer - Status på handlingsplan etter rapport frå tilpassa opplæring og spesialundervisning i Fusa kommune

Forslag til vedtak

Saka er lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 23.04.2015

Handsaming i møtet:

Einingsleiar for undervisning Anne-Merete Hellebø orienterte i saka og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Dei aller fleste tilrådingane som kommunestyret vedtok, er no ferdigstilt. Resten forventast ferdigstilt innan hausten 2015. Oversiktsdokument over tilrådde tiltak og kva konkret som er gjort innan området, vart delt ut i møtet.

Rådmann Berit Fløysand var også med under orienteringa.

Kontrollutvalet er svært nøgd med orienteringa og det arbeidet som no er utført innan området.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Informasjonen vart teken til orientering.

PS 12/15 Kontrollrapport 2014 vedkommende skatteoppkrevjarfunksjonen i Fusa kommune - Uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest konkluderer med at Fusa kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.
2. Fusa kommune sitt skatterekneskap og rapporten frå Skatteetaten, Skatt Vest vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 23.04.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom saka.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten, Skatt Vest konkluderer med at Fusa kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.
2. Fusa kommune sitt skatterekneskap og rapporten frå Skatteetaten, Skatt Vest vert teken til orientering og oversendt kommunestyret til orientering.

PS 13/15 Oppstart av forvaltningsrevisjon - Bestilling av prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan.....
2. Deloitte AS vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 4.5.2015.
4. Prosjektplanen skal handsamast i møte i kontrollutvalet 21.5.2015.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 23.04.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet diskuterte saka og bestilte prosjektplan innan verksemdsstyring og vedtaksoppfølging, der revisjonen spesielt ser på system og rutinar, internkontroll (på eit overordna nivå) og rapportering til politisk nivå. Dette prosjektet er sett opp som nr. 1. under prioriterte prosjekt.

Utvalet ber revisjonen spesielt om å sjå på rutinar innan:

- a) Innkrevjingsarbeid i kommunen.
 - Sikra at kommunen får inn inntekter
- b) Korleis administrasjonen fylgjer opp politiske vedtak, frå dei er fatta og til dei er effektuert.
- c) Er dei politiske vedtaka klåre nok:
 - Kjem det klart fram kva som skal gjennomførast
 - Kjem det klart fram kva som er bestilt

Kontrollutvalet ber også revisjonen sjå på eventuelle tilsvarande prosjekt dei har kjennskap til, som er gjennomført i andre samanliknbare kommunar, om det er viktige / aktuelle områder som ein spesielt bør sjå på i denne typen prosjekt. Dette må eventuelt takast inn i prosjektplanen som skal leggjast fram for kontrollutvalet i neste møte.

Det vart også diskutert om nokon av dei andre prosjekta kunne vera meir aktuelle til å gjennomføra. Prosjekt nr. 2. under prioriterte prosjekt, «Bruk av vikarbyrå og konsulentar», vart også diskutert som svært aktuelt no. Utvale vart samde om at dei likevel ville prioritera prosjekt 1.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon innan «verksemdsstyring og vedtaksoppfølging».
2. Deloitte AS vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar og ressursbruk.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 7.5.2015 kl. 09:00.
4. Prosjektplanen skal handsamast i møte i kontrollutvalet 21.5.2015.

PS 14/15 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 23.04.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom referatsakene.

RS 14/15 Oversyn over gjennomførte tilsyn 2014 i Fusa kommune:

Kontrollutvalet ber om å få desse tilsynsrapportar opp som RS i neste møte:

- Arbeidstilsynet sitt oppfølgingstilsyn med Heimetenesta etter 2013 tilsynet som er knytt til samhandlingsreforma.
- Gjennomført el-tilsyn, heiskontroll og branntilsyn på kommunale bygg.

RS 18/15 FKT fag konferansen:

Sekretariatet opplyste om at det framleis er ledige plassar på konferansen.

Kontrollutvalet diskuterte saka. Mogleg at to av medlemmene (Glesnes og Næss) likevel kan delta. Let dette seg gjera, melder dei seg snarleg på konferansen.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

Referatsakene vart tekne til orientering.

RS 12/15 Politisk møteplan for 2015 - Fusa kommune

RS 13/15 Rekneskapsrapport 2014 for kontrollutvalet i Fusa kommune

RS 14/15 Oversyn over gjennomførte tilsyn 2014 i Fusa kommune

RS 15/15 Orientering om strategisk næringsplan i BRB

RS 16/15 Vedtak KST PS 002/15 Konsekvensvurdering og avklaring av budsjettvedtaket for 2015

RS 17/15 Vedtak KST PS 003/15 Kommunereforma - Kommunestruktur - Opplegg for prosess i Fusa kommune

RS 18/15 FKT fag konferansen 2015

PS 15/15 Gjennomgang av møteprotokollar for Fusa kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 23.04.2015

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet gjekk gjennom møteprotokollane.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar møteprotokollane til orientering.

PS 16/15 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Fusa kommune - 23.04.2015

Handsaming i møtet:

Handsaming av årsrekneskap og årsmelding for Fusa kommune:

Årsrekneskap og årsmelding 2014 for kommunen er endå ikkje klar, etter opplysningar frå både revisjonen og rådmannen i dag. Det ser difor ut for å verta vanskeleg å greia å nå utsendingsfristen til neste kontrollutvalsmøte. På bakgrunn av dette kan det verta behov for å senda ut innkalling mm. om lag 6 dagar (ikkje 7 som er det vanlege) før møtet.

Skulle det verta behov for å utsetja møtet fordi årsrekneskap og årsmelding for 2014 ikkje er ferdigstilt, vil sekretariatet koma attende med melding til kontrollutvalet og andre aktuelle i høve saka.

Bruk av iPad:

Kontrollutvalet har nettopp teke i bruk iPad. Dei har gjennomført eit iPad kurs, men kjenner seg ikkje heilt trygge på bruken endå. Difor ynskjer dei at sekretariatet framleis sender ut innkalling på papir og elektronisk. Kommunen legg innkallingane og møteprotokollane ut på iPad – løysinga til kommunen.

Vedtak i saka var samrøystes.

Vedtak:

- Om naudsynt vert innkalling til neste møte sendt den 15.5.2015.
- Kontrollutvalet ynskjer innkallinga på papir til dei faste medlemmene og 1. vara ut valperioden.